

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.10.2014

Stein Inge Ryssdal sette fram forslag om tillegg til punkt 1

«10-punktsprogram for betre luftkvalitet» punkt 1 på side 12 vert endra til:
Miljødifferensierte bompenger takstar saman med eit attraktivt kollektivtransporttilbod.

Inger Ulvund sette fram forslag om tillegg til pkt 1.

«-- etter at alt som omhandlar rushtidsavgift og tidsdifferensierte bompengar er teke ut av søknaden.»

Alf Helge Greaker sette fram oversendingsforslag.

"Landåsruten" er ein av dei overordna sykkeltraséane i vedtatt sykkelstrategi, og denne går gjennom dei sterkt trafikkerte kryssa nord og sør for Haukelandstunnelen. Kryssløysingane for syklistar som nytta traséen er ikkje optimale, og skiltinga er ikkje eintydig.

Ved rullering av Handlingsprogrammet 2014 - 2017, ber ein om at krysstiltak for syklar (oppmerking, sykkelboksar, skilting o.a) ved Haukeland US, blir innarbeida og prioritert, før heilt nye prosjekter i «Gang og sykkeltiltak» (prioriterte plan- og byggeprosjekter), blir igongsett.

Arild Borgen sette fram forslag til nytt pkt.

«Innføring av landstraum vert lagt inn i handlingsplanen.»

Røysting

Fylkerådmanen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

Inger Ulvund sitt forslag til ny innstilling fekk 2 røyster (FRP) og fall.

Stein Inge Ryssdal sitt forslag om tillegg til pkt 1 fekk 5 røyster (H) og fall.

Arild Borgen sitt tilleggsforslag fekk 2 røyster (R, KRF) og fall.

Alf Helge Greaker sitt oversendingsforslag fekk 4 røyster (R, KRF, SP, V) og fall.

Innstilling

1. Fylkesutvalet gir sin tilslutning til vedlagte søknad; «*Søknad 2015-2018: Belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområda*».
2. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen startar opp arbeide med å førebu forhandlingar om heilskapleg bymiljøavtale i 2015.